Skala for uro - foreldre

Dette er eit arbeidsverktøy som kan hjelpa deg med å avklara ei bekymring knytt til foreldre/føresette du har kjennskap til gjennom arbeidet ditt. Ved hjelp av bekymringsskalaen kan du i samarbeid med leiar/kollega gi ei klar vurdering av situasjonen.

Skalaen viser kva du kan fokusere på dersom oppførselen til foreldra gjer deg uroa for eit barn eller ein ungdom.	Bruk skalaen som eit hjelpemiddel for å konkretisera «magekjensla».

Hugs at: Problem på ulike tidspunkt i livet kan få forskjellige plasseringar i bekymringsskalaen. Di vurdering gir eit augneblinksbilde. Ein familie kan vera i ein belastande situasjon (til dømes skilsmisse eller dødsfall i familien), og det kan gi seg utslag i ein oppførsel som vekker bekymring.

- Skalaen er eit internt verktøy som kan hjelpa deg til å utvisa best mogleg skjønn.
- Signal frå foreldre med alkoholproblem, anna rusmisbruk eller psykiske vanskar er svært ulike frå person til person.
- Bekymringsskalaen er rettleiande, og det er viktig å snakka med leiaren din om bekymringa slik at observasjonen får fleire nyansar. Når du og leiar har vurdert graden av bekymring for ein forelder, skal de avgjera kva som skal skje vidare.

Meldeplikt	
	Meldeplikta er personleg. Det inneber at dersom du vurderer at bekymringa di krev at du informerer barneverntenesta eller sosialtenesta, skal du gjera det.

BTI - verktøy

Ver varsam	Signal frå føresette/foreldre der foreldreevna synest vera god	• Foreldreomsorga er god. • Foreldre søker rådgiving dersom barnet i en periode ikkje trivst. • Foreldra søker kanskje hjelp ved å kontakta lege, helsesøster, barnehagen, skulen eller liknande. • Utfordringane vert handterte på tenestestaden.	**BTI Nivå 0 –1** Utfordringane vert handterte på tenestestaden.
Ver varsam	Signal om at foreldreevna kan vera redusert	• Foreldra har uregelmessig frammøte. • Foreldra lar andre henta og levera barna, eller lar vera å delta på møte og arrangement. • Foreldra sluttar å overhalda avtaler, melder avbod i siste liten eller kjem med ulike forklaringar på kvifor dei ikkje kan delta på møte eller anna som vert arrangert av skulen, barnehagen, helsesøstertenesta eller tilsvarande. • Endra fysisk og psykisk omsorgsevne.	**BTI Nivå 1** Utfordringane vert handterte på tenestestaden.
Grunn til bekymring	Signal om at foreldre har eigne vanskar som påverkar foreldreevna	Den fysiske framtoningen er prega av: • Hyppig sjukdom • Lukt av alkohol • Manglande situasjonsforståing • Verkar ustelt og likegyldig til eigen framtoning. Den psykiske framtoningen er prega av: • Irritasjon • Isolasjon • Usikkerheit • Sårbarheit • Nervøsitet eller mismot • Redusert fysisk og psykisk omsorgsevne	**BTI Nivå 2** Utfordringane krev tverrfagleg samarbeid mellom ulike kommunale tenester.
Grunn til bekymring	Signal hos foreldre der barnevern/politi **skal** varslast	• Foreldreomsorga manglar heilt. • Foreldra er sterkt belasta i form av personlege, psykiske, sosiale, økonomiske og/eller nettverksmessige faktorar. • Ulike tiltak er forsøkte, utan resultat. • Foreldra møter rusa opp for å henta barnet. • Mistanke om vald, anten mot ein forelder eller mot barnet, eller mistanke om seksuelt misbruk.	**BTI Nivå 3** Utfordringane må løysast i tverrfagleg samarbeid med tilviste tenester. Akuttplassering må vurderast.